

23 faste annonsørar på uskedalen.no - plass til fleire.

24.11.2018



Kvinnherad Breiband, Sparebank 1 - SR bank, Tysnes Sparebank og Hjønnevåg støttar Uskedalen.no med fast annonseplass. F.v: Gunnhild Nilsen, Ivar Gundersen, Siren Simonnes og Marit Hjønnevåg.

Uskedalen.no er ei ikkje kommersiell nettsida. Alt arbeid redaksjonelt og på designsida vert gjort som uløna arbeid. Det som er av betalte tenester, er meir omfattande teknisk drift via IDrift. På Uskedalen.no finn du 23 faste annonsørar/sponsorar. Årleg kostnad er kr. 3.300,- Inntektene er grunnlaget for å halda oppe drifta. Redaksjonen gjer med dette kjend at det er plass til fleire faste annonsørar/ sponsoarar.

Uskedalen.no er den mest brukte lokale nettsida i Kvinnherad. I mange høve vert Uskedalen.no brukt og definert som ei lokal avis. Brukartalet i døgeret ligg normalt på i overkant av 1000 unike leserar. Det er eit høgt tal til vera ei lokal bygdeside.

Ola Matti Mathisen var redaktør dei første 10 åra. Nettsida var lokalt forankra til Uskedalen. Alt redaksjonelt stoff var frå eller med sterkt tilknyting til Uskedalen. Arbeidet held fram i same sporet, men med ei tilpassing til det som er aktuelt for Uskedalen. Av verksemder med annonseplass og som har interesse i Uskedalen, finn vi mellom anna Kvinnherad Breiband og Rødsten Bilforretning.

På næringsdagen på Husnes i denne veka møtte vi fire av våre faste annonsørar. Alle er nøgde med det store arbeidet Uskedalen.no gjer for næringslivet og for lokal bygdeutvikling. Dersom du og di verksemd vurderer fast annonseplass i høgre kolonne, ta kontakt: uskedalen.no@gmail.com eller på mobil: 915 31 487. Hans Ordin Østebø legg firma med logo på plass. Saman kjem de fram til ei løysing.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal